



# PROGRAM

CHRISTIEKONFERANSEN  
27. APRIL 2011

– EIN **MØTEPLASS**  
FOR **NYSKAPING**  
OG **SAMSPEL**



CHRISTIE KONFERANSEN  
27. april 2011

**CHRISTIEKONFERANSEN** er den viktigaste regionale arenaen for samhandling mellom akademia og det omkringliggende samfunn. Perspektivet for årets konferanse er: **Universitetet i Bergen – eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet utanfor hovudstaden. Kva for moglegheiter og utfordringar gir det for Bergen, Vestlandet og Noreg?**

Konferansier: Siri Lill Mannes, dagleg leiar i SpeakLab

**08.30 – 09.00: Kaffi og registrering**

**09.00 – 09.05: Kortfilm**

**09.05 – 09.15: Offisiell opning av konferansen**  
Ved rektor Sigmund Grønmo, Universitetet i Bergen

## SESJON 1: DET INTERNASJONALE FORSKINGSUNIVERSITETET

Universitetet i Bergen er rangert som nummer 135 på Times Higher Educations siste liste over verdas fremste universitet. Kva inneber ei slik rangering? Fleire av dei beste universiteta i rankinga er ikkje hovudstadsuniversitet. Kva fordelar og ulemper gir avstanden til landets maktsentrum?

**09.15 – 09.40: University Rankings – who cares – why care?**

Kva inneber det at Universitetet i Bergen scorar høgst av universiteta i Noreg på Times Higher Education-rankinga? Kva typar universitet gjer det bra? Er det nokon skilnad mellom hovudstadsuniversitet og andre universitet?

Ved redaktør Phil Baty, Times Higher Education

**09.40 – 10.05: 600 års erfaring i verdstoppen**

Universitetet i Lund har 600 års erfaring som akademisk læresete og har ein profil som liknar Universitetet i Bergen. Det er eit universitet som ligg utanfor landets hovudstad og markerer seg sterkt internasjonalt.

Ved rektor Per Eriksson, Universitetet i Lund

**10.05 – 10.35: Vrimling i området utanfor Peer Gynt Salen**

Smakebitar frå forskinga ved Universitetet i Bergen.

## SESJON 2: FRAMTIDAS KOMPETANSEBEHOV

Kvart år fullfører omlag 2500 studentar utdanningar ved Universitetet i Bergen og er klare for arbeidsmarknaden. Korleis ser omverda på kandidatane frå Universitetet i Bergen?

**10.35 – 11.05: Presentasjon av resultatata frå undersøkinga Kompetanse 2020**

Ved administrerande direktør Jostein Ryssevik, Ideas2Evidence  
Intervju med viserektor for utdanning Kuvvet Atakan, Universitetet i Bergen

**11.05 – 11.45: Debatt om kva Universitetet i Bergen betyr for vår region og kva universitetet kan gjere for å styrke samhandlinga med omverda.**

**11.45 – 12.00: Utdeling av Christieprisen**

Ved universitetsdirektør Kari Tove Elvbakken, Universitetet i Bergen

**12.00 – 13.00: Lunsj i spissen på Grieghallen**

Meny: Vestlandsbuffet  
Kaffi i vrimlearealet utanfor Peer Gynt Salen

### CHRISTIEPRISEN:

I samband med Christiekonferansen deler Universitetet i Bergen ut Christieprisen. Prismottakarar skal gjennom arbeidet sitt ha medverka til å fremje eller synleggjere universitetets sentrale rolle i samfunnsutviklinga. Føremålet med prisen er å vise verdien av samhandling mellom universitetet og omverda, og korleis forskning og utdanning bidrar til nyskaping i kultur-, nærings- og samfunnsliv.

## SESJON 3: FORSKINGSFRONTAR VED UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetet i Bergen er leiande på ei rekke forskingsområde, og fire forskarar vil i denne sesjonen gje eit innblikk i dagsaktuell forskning ved Universitetet.

**13.00 – 14.00:**

**1. Studiar av sjeldne sjukdomar gir oss ny kunnskap om immunsystemet**

Ved forskar Anette Susanne Bøe Wolff, Institutt for indremedisin ved Universitetet i Bergen

**2. Juss som kultur**

Ved professor Jørn Øyrehagen Sunde, Juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen

**3. Sjuk av sjukefråvær? Veggen ut av dei vonde sirklane**

Ved postdoktor Silje Endresen Reme, Harvard School of Public Health

**4. Grunnforskning som fundament for nyskaping og kommersialisering – moglegheiter og utfordringar**

Ved professor James Lorens, Institutt for biomedisin ved Universitetet i Bergen

**14.00 – 14.20: Innslag frå Bergenfest**

**14.20 – 14.40: Vrimling i området utanfor Peer Gynt Salen**

Smakebitar frå forskinga ved Universitetet i Bergen.

## SESJON 4: UNIVERSITETET I BERGEN SI ROLLE I NOREG

Universitetet i Bergen er også eit internasjonalt anerkjent breiddeuniversitet. Kva betyr det for Noreg å ha eit universitetet utanfor hovudstaden i ein slik posisjon? Og kva forventningar kan då ulike aktørar i samfunnet ha til Universitetet i Bergen?


**14.40 – 15.10: Kva betyr det for Noreg å ha eit universitetet utanfor hovudstaden som er i internasjonal toppklasse?**

Ved statsråd Trond Giske, Nærings- og handelsdepartementet

**15.10 – 15.50: Debatt: Dei norske forskingsuniversiteta har hatt ei viktig rolle i å utvikle dagens Noreg. Kva rolle kan forskingsuniversiteta generelt, og Universitetet i Bergen spesielt, ha i å utvikle framtidens Noreg?**

**15.50 – 16.00: Avslutning**





– EIN **MØTEPLASS**  
FOR **NYSKAPING**  
OG **SAMSPEL**